

Vil du synga med denne dama?

Jannicke Wisløff
Åsebø og Trond Fykse
dreg i gang nytt kor i
Meland.



Av Anne-Lise Nordpoll
anne-lise@strilen.no

– Me satsar på ein allsidig profil med ein del gospel, seier Jannicke Wisløff Åsebø.

Ho har tidlegare dirigert kor i Kolbotn og Bergen, og no er ho også peika ut som dirigent til eit heilt nytt kor.

– Det var eigentleg Trond Fykse som kom på ideen. Han er ny kyrkjelydsmusikar i Meland og hadde lyst å starta eit kor, og så fekk eg spørsmål om å vera med å dra det heile i gang, seier Jannicke.

Og Trond Fykse kan ikkje nekta for det.

– Fellesskap og samhald er viktig for at folk skal trivast i kyrkjelyden, og me trur eit nytt kor kan vera eit positivt tilskot, seier Fykse.

Han fortel at dei ser for seg eit kor med medlemmer frå 18 år og oppover.

Det nye koret startar opp tysdag første februar, og planen er å ha øving annakvar tysdag utover våren. For at det skal vera lettvent å koma på øving, er øvingane lagt til Nordhordland folkehøgskule.

– Skulen ligg litt meir sentralt enn kyrkja, så me tenkjer det er lettare for folk å koma seg hit. Me vil også leggja øvingane til annakvar veke, slik at det skal vera lettare for småbarnsforeldre og hiva seg med. Dei har gjerne ein travel kvardag, og då er det ikkje sikkert det er så lett å få til øving kvar veke, seier Jannicke.

Ho flytta til Frekhaug for halvtanna år sidan og synest det er kjekt å verta spurd om å dirigera koret.

– Alle som vil kan vera med. Me stiller ingen krav til forkunnskapar om song. Einaste kravet er at du må lika å synga, seier Jannicke.

Musikk til songen får koret sjølv sagt også, for Trond Fykse kjem til å sitja bak tangentane.

Skulle du la deg freista til å vera med er det berre å stilla på første øving, melder dei to.



NYTT KOR: Jannicke Wisløff Åsebø skal vera dirigent for eit heilt nytt kor i Meland. Ho håpar mange let seg freista til å vera med å synga.

Stjerner og planetar på Radøy

Er du forviten og interessert i stjerner og planetar, eller lysten på å møta ein kjent astronom? No har du sjansen på utvandrings-senteret.

Av Anne-Lise Nordpoll
anne-lise@strilen.no

I alle tider har menneske flytta på seg frå ein stad til ein annan, men har du nokon gong tenkt på korleis vikingane navigerte eller

kva stjernebilda hadde å seia for indianarane. Dette og mykje meir kan du få svaret på når utvandrings-senteret på Sletta set fokus på stjerner og planetar i januar og februar månad.

I morgon, onsdag, kan utvandrings-senteret lokka med ei kulturhistorisk vinkling på stjernehimlen. Då kjem Lena Lisdotter Börjesson til samfunns-huset på Sletta for å prata om korleis vikingane navigerte over Nord-Atlanteren mellom anna

ved hjelp av stjernene, melder Ida Dyrkorn Heierland ved Vestnorsk utvandrings-senter.

Börjesson har gjort fleire eksperiment med korleis vikingane kan tenkjast å ha navigert til sjøs.

Utvandrings-senteret har også leigd inn eit planetarium frå «Vil vite-senteret», som vil vera ope etter avtale for elevar på 4.-7. trinn ved lokale skular.

– Frå dei gamle grekarane si tid og heilt sikkert mykje lenger tilbake i tid, har folk laga fortelj-

ingar om stjernebilde dei har funne på himmelen. Me ønskjer å få fram mangfaldet i desse historiene og legg opp til eit komparativt perspektiv på Noreg og Nord-Amerika i eit eige undervisningsopplegg som heiter Stjerneklårt på prærien, får Strilen vita. Dersom det er interesse og vør for det, kan det også verta eigne stjerneklarkvelder i emigrantlandsbyen på Sletta.

Ein temakveld med den populære astronomen Knut

Jørgen Røed Ødegaard vert det også. onsdag 23. februar vil koma til Sæbø skule med føredraget: Bang! Kollisjonar og eksplosjonar i verdsrommet!

Billettsalet til denne kvelden er alt i gang, og dei som vil sikra seg billetter kan ta kontakt med Kultur- og sørvistorget til Radøy kommune.

– Me reknar med at det vert veldig populært, så dei som vil sikra seg billett bør vera tidleg ute, seier Heierland.